

MASTEROPPGÅVE I DIAKONI



Leif Arne Økland,
diakon, sosionom og
rådgiver ved Bjørgvin
Bispedømekontor

«Korleis skapa rom for guds- tenestedeltaking for alle?»

På kva måte kan strategien universell utforming vera ein nøkkel til forståing og grunngjeving av dette behovet – der ein samstundes ivaretek tilrettelegging for menneske med utviklingshemming?»



Jan Roald Fonnes og Rune Skare bærer offerposer under ein gudsteneste i Austrheim kyrkje. Prest er Egon Askvik.

Dette er problemstillinga på ei masteroppgåve i diakoni ved Det Norske Diakonhem, som underteikna gjorde ferdig og fekk godkjent i juni 2011.

Sidan eg for over 13 år sidan vart tilsett i ei rådgjevarstilling ved Bjørgvin Bispedømekontor, med oppgåve å leggja til rette slik at menneske med utviklingshemming får høve til å delta i kyrkjelydane, har fokus på gudstenesta vore viktig.

Barne, Likestillings og Inkluderingsdepartementet omtalar i eit hefte (Q 1176 B), at menneske med utviklingshemming synes å gjera seg meir og meir bruk av

segregerte tilbod og at tilbodet på allmenne arenaer synes å bli ei aukande mangelvare. Det store inkluderingsprosjektet, 20 år etter innføringa av HVPU-reforma, ser dermed ut til å ha møtt på større hindringar enn ein gjerne såg for seg der og då.

Gudstenesta har potensiale i seg til å vera ein inkluderande samlingsstad for alle. Den har ein struktur som er gjenkjenneleg. Erfaring syner at mange med utviklingshemming har stor glede av å delta i gudstenesta, blant anna av ein slik grunn.

I oppgåva mi har eg sett nærare på begrepet «universell utforming» – og prøvd å gje denne strategien ei vidare tyding, slik at den dreiar seg om meir enn utelukkande fysisk tilrettelegging. Om ein vert samde om å bruka ein slik strategi på tilrettelegging av gudstenesta, så har ein etter mitt syn etablert ein viktig reiskap for inkludering – og sett med eit teologisk syn: skapt eit grunnlag for vekst og fornying.

For å finna meir ut om dette, har eg i oppgåva mi intervjuat utvalde prestar og hatt gruppeintervju saman med menneske

med utviklingshemming. Dette har vore kvalitative intervju, der eg har spurt etter deira meining om gudstenesta og kva tankar dei gjer seg om tilrettelegging av denne. Innhaldet i desse intervju gav meg mykje interessant stoff – til dels med eit innhald som ikkje alltid var like samanfallande.

Universell utforming – ein strategi med utvida tyding?

Universell Utforming er eit begrep som allereie er lovfesta og på god veg inn i

Nattverden med prest Roar Strømme i Os Kyrkje.





Prest Ivar Braut har kyrkjekurs i Birkeland kyrkje.

strategisk planlegging på mange område i samfunnet. Universell utforming handlar om godt tilpassa løysingar, som vert brukt av alle, men som likevel er forma slik at dei er til stor hjelp for dei av oss med ulike funksjonsnedsetjingar. Til dømes er det slik at trinnfri tilkomst til bygg, dørar som opnar seg automatisk og gode heisløysingar, er heilt nødvendig for rullestolbrukarar. Eit uteområde og bygg bygd på desse prinsippa, vert brukt av alle - også dei med rullestol. Her eksisterar det ingen

separat handikapinngang. Den trinnfrie tilkomsten er smakfullt integrert i uteområdet, slik at ein eigentleg ikkje legg merke til at det er noko spesielt med denne. Det er heller ingen ulempe for dei av oss som ikkje er «hjulbeinte», å nytta dei same løysingane. Det er tvert imot ein fordel. «Nødvendig for nokon – bra for alle!»

Andre døme på universelt utforma produkt er fjernkontrollen og blande-batteriet med eitthandsgrep. Dette er



Benedicte Njaastad teiknar krossteiknet ilag med prest Lars Petter Eide. Biletet er henta frå ei konfirmantsamling i Slettebakken kirke i 2005.

produkt alle brukar, utan at ein tenkjer over at dei i si tid vart utforma for å vera til hjelp for menneske med nedsett funksjonsevne. Ingen lengtar tilbake til tida med ein krane for kaldt og varmt vatn, med alle dei ubehagelege episodane det medførte. Det universelt utforma produktet er både betre og enklare å bruka, enn det ein hadde før.

Universell utforming er likevel mykje meir enn fysiske løysingar. Heile IT-feltet

skal formast ut etter dei same prinsippa. Det same gjeld informasjon og kommunikasjon. Lettare bruk og meir forståeleg informasjon er såleis viktige peikepinnar. I oppgåva mi har eg eit døme frå Teologisk Fakultet ved universitetet i Oslo, som vann ein pris fordi dei hadde utforma undervisninga ved fakultetet etter prinsippa om universell utforming. Reint konkret har dei blant anna digitalisert alle føreløsingane og gjort dei tilgjengelege på

nett. Dette har vore til stor hjelp for studentar med lese og skrivevanskar – lese og skrivevanskar har blitt redusert. For alle andre studentar har dette vore ein fordel også. «Nødvendig for nokon – bra for alle».

Sidan eg har sansen for denne strategiske måten å tenkja på, har eg «leikt» meg vidare med tanken om å bruka dei same prinsippa i forhold til gudstenesta. Som utgangspunkt for tilrettelegginga har eg velt å sjå nærare på særskilte behova som menneske med utviklingshemming har. Er det mogeleg å tenkja seg at ivaretaking

av desse omsyna, er eit gode for alle andre også?

Ei gudsteneste for alle – meir kropp og meir handling!

Ved å ta omsyn til utviklingshemma når gudstenesta vert førebudd, vil ein gjera den tilgjengeleg for mange fleire. I mitt arbeid vert det viktig at kyrkjelydane forstår at slik planlegging og tilrettelegging er eit gode for alle og ikkje berre for ei marginal gruppe menneske.

I gruppeintervjua eg hadde, kom det

Leif Erik Nepstad tenner lys.



fram at dei fleste ønskjer å delta meir i gudstenesta, i form av å ha oppgåver av ulikt slag. Det kan dreia seg om alt frå å dela ut gudstenesteprogram, vera medhjelpar under dåpen og nattverden, til det å vera med i ei enkel dramatisering av teksten for dagen. Slike medhjelparoppgåver krev planlegging og førebuing. I ein slik planleggingsprosess, vil ein meir enn før vera seg bevisst at det som vert formidla skal vera lett å forstå. Det er heilt nødvendig for menneske med utviklingshemming og slett ingen ulempe for alle oss andre heller.

I april 2011 vedtok Kyrkjemøtet ei ny gudstenestereform, der begrep som «involvering», «stedegengjøring» og «handling», er sentrale. Begrepet «stedegengjøring» handlar om at gudstenesta får eit lokalt preg som avspeglar den kulturen folk er vane med og kan kjenna seg igjen i. Kyrkja sitt øvste organ ønskjer at fleire skal ha eit eigarskap til gudstenesta. Dette vedtaket legg godt til rette for at ein no ikkje berre får lov til – men at det er forventa at ein skal involvera fleire i desse prosessane.

Ein av presteinformantane mine sa at vi godt kan bli «meir kroppsfsikerte» når vi deltek i gudstenesta. Som eit døme nemner han dette med å teikna krossteiknet, om å dyppa fingrane i dåpsvatnet (som ei dåpspåminning), tenna lys, syngja fleire vekselsalmar, bruka stille bøn – og mykje meir. Dette kan vi gjera som eit kollektiv, noko alle kan delta i. Dette er forholdsvis enkle grep, som ikkje krev planlegging ut over det som er vanleg. Dette er enkle element, som gjer gudstenesta meir begripeleg for alle.

Med utgangspunkt i det svake og sårbare

I oppgåva mi har eg reflektert over den teologiske tenkinga som er eit viktig premiss for det eg har skrive. Denne tenkinga kan på mange måtar representera ein motkultur i eit samfunn prega av jakta på det ungdommelege, friske og vellukka. I den teologiske tenkjemåten vert nettopp det ufullkomne, svake og sårbare framheva og oppvurdert. Det bibelske materialet inneheld mengder av slikt tankegods.

I oppgåva mi har eg også henta tankar frå den fransk/kanadiske filosofen og teologen Jean Vanier (som har levd eit heilt liv saman med menneske med utviklingshemming). Han vektlegg at vi alle er svake og sårbare. I ein fagleg dialog med den kjende amerikanske teologen Stanley Hauerwas seier han det slik: «*When we welcome the broken outside, they call us to discover the broken inside.*» (Hauerwas s 67). Menneske med utviklingshemming vil på mange måtar representera ein synleg form for sårbarheit. Dette er sider vi som såkalla normalt fungerande er gode på undertrykka og gøyma bort. Vanier meiner difor at menneske med sine synlege funksjonsnedsetjingar representerer ein ressurs. For eit gudstenestefeirande fellesskap vil dette vera eit stort gode og kanskje særskilt her, fordi vi er i ein samanheng der vi vert utfordra på å vera ærlege og sanne med oss sjølve. Menneske med utviklingshemming har spisskompetanse på å vera seg sjølve heilt og fullt. Erfaringar eg har gjort sjølv og som vert stadfesta i materialet mitt og mange andre stader, handlar om at gudstenester prega av menneske med utviklingshemming,

vert opplevd som gode, varme og inkluderande.

Eg har også brukt tankegods frå Martin Buber sin dialogfilosofi og frå den finske presten Björn Nalle Öhmann sitt doktorgradsarbeid, som handlar om rituala i møte med menneske med djup grad av utviklingshemming. Dei vektlegg trusutøving som ein relasjon og eit møte – som både er retta oppover (mot Gud) og utover (mot kvarandre). Eg tilber Gud med heile meg og ikkje berre med den delen av kroppen som er over slipsknuten. (Öhmann s 108) Eit slikt heilskapssyn er interessant i forhold til menneske med utviklingshemming, fordi ein vektlegg oppleving og erfaring først. Så får den intellektuelle forståinga koma i andre rekke og som ein følgje av dei erfaringane ein har gjort seg – og med eit omfang som den einskilde er i stand til å gjera seg nytte av.

Avslutningsvis

Oppgåva har reflektert mest i forhold til den vanlege gudstenesta søndag formiddag, også kalla høgmessa. Men eg har også sett på bruken av ulike former for tilrettelagte gudstenester, i form av segregerte tilbod. I materialet mitt har eg ein del spenningar i kva for grad ein bør ha segregerte tilbod og i kor stor grad ein skal leggja til rette i den vanlege gudstenesta. Det er likevel grunn til optimisme, sidan den nye gudstenestereforma på ein tydeleg måte legg til rette for meir involvering og deltaking – av alle. ●●●

Litteraturliste:

- Brynn, Rudolph (2009): *Universell utforming og tilgjengelighet – politikk og lovgivning i inn og utland*. Sosial og Helsedirektoratet, Deltasenteret. Oslo.
- Buber, Martin (2010 - nyopptrykk; originalen utgitt første gong I 1923): *I and thou*. Martino Publishing, New York, USA.
- Hauerwas Stanley, Vanier Jean (2008): *Living gently in a violent world*. The prophetic witness of weakness. Inter Varsity Press, Illinois, USA.
- Mennesker med utviklingshemming skal heller ikke diskrimineres*. (2010). Informasjons og utviklingsprogram 2010 – 2013. Oslo, Barne, Likestillings og Inkluderingsdepartementet – (Q 1176 B).
- Öhmann, Björn Nalle (2008): *Kropp, handling och ritual. Hur förstå religion och personer med grava funktionshinder?* Åbo akademis förlag, Åbo.

Leif Arne Økland

E-post: laoe@kyrkja.no